

# Sak 5: Forslag til reviderte vedtekter i Møre og Romsdal SV

## **Bakgrunn:**

Gjeldande vedtekter vart vedteke på fylkesårsmøtet i 2019. Fylkesstyret ser at gjeldande vedtekter er upresise på nokre av punkt. Blant anna er det ikkje presisert i vedtektene våre kven som har full forslags- tale- og røysterett og kven som berre har forslags- og talerett på fylkesårsmøta. I all hovudsak er det presiseringar, språkmessige og redaksjonelle endringar som foreslås.

Fylkesstyret vil likevel gjere merksam på at forslaget til reviderte vedtekter har ei viktig innholdsmessig endring som gjeld samansetning av fylkesårsmøte og nominasjonsmøte.

I gjeldande vedtekter § 2 har vi slik inndeling:

- 1 utsending for lag med < 15 medlemmer
- 2 utsendinger for lag med 15- 39 medlemmer
- osv

I forslag til reviderte vedtekter foreslås det å erstatte dei to kulepunkta nevnt over med dette punktet i § 2.3:

“To utsendingar for lag med < 39 medlemmer”

Dette vil om det blir vedteke innebære at alle lokallag med 39 eller færre medlemmar kan stille med to delegatar, mot 1 tidlegare for lag med færre enn 15 medlemmar. Bakgrunnen for forslaget er at fylkesstyret ønsker å senke terskelen for deltaking på fylkesmøta, slik at delegatane ikkje må møte åleine for sitt lokallag.

Fylkesstyret legg med dette fram forslag til reviderte vedtekter for Møre og Romsdal SV:

## Kapittel 1: Namn og organ

### § 1.1

Møre og Romsdal SV er ein fylkesorganisasjon som omfattar alle lokallag i fylket. Møre og Romsdal SV er forplikta av Sosialistisk Venstreparti sitt grunnsyn som er nedfelt i partiet sine vedtekter og program.

### § 1.2

Møre og Romsdal SV har følgjande organ:

- a. Fylkesårsmøte
- b. Fylkesstyre
- c. Arbeidsutval
- d. Nominasjonsmøte
- e. Representantskap
- f. Utval og nemnder sett ned av fylkesårsmøtet eller fylkesstyret

## Kapittel 2: Fylkesårsmøtet

### § 2.1. Fylkesårsmøtet

Fylkesårsmøtet er det høgste organet i fylkeslaget. Det vert halde fylkesårsmøte ein gong i året, innan utgangen av februar og alltid framkant av landsmøtet.

### § 2.2 Innkalling til fylkesårsmøte

Fylkesstyret kallar inn til fylkesårsmøte. Kunnngjering må sendast lokallaga seinast 30 dagar før møtet. Lokallaga eller enkeltmedlemmer som ønskjer å reise saker på fylkesårsmøtet, må sende framlegg til fylkesstyret seinast 14 dagar etter kunnngjering. Innkalling til årsmøtet med dagsorden må sendast ut seinast ei veke før møtet.

Fylkesstyret eller representantskapet kan dersom det ligg føre særlege grunnar, fastsette eit anna tidspunkt for fylkesårsmøtet.

### § 2.3 Samansetjing av fylkesårsmøtet

Fylkesårsmøtet er sett saman av fylkesstyret og delegasjonar frå lokallaga.

**a. Desse har full tale-, forslag- og stemmerett, med unntak av fylkesstyret som ikkje har stemmerett i saker knytt til rekneskap:**

- Fylkesstyret

- 41 • Delegatar frå lokallaga etter følgande skala:  
42

43 To utsendingar for lag med < 39 medlemmer

44 Tre utsendingar for lag med 40-79 medlemmer

45 Fire utsendingar for lag med > 80 medlemmer

46 Fire utsendingar frå Møre og Romsdal SU

47  
48 **b. Desse vert også invitert og kan delta på årsmøtet med full tale- og**  
49 **forslagsrett:**

50 Medlemmer i komitear i arbeid, fylkestingsrepresentantar,  
51 stortingsrepresentantar, landsstyrerepresentantar og revisorar.

52 **c. Fylkessekretær**

53 Fylkessekretær har møte- og talerett

54 **d. Observatørar**

55 Fylkesårsmøtet er i prinsippet eit ope møte for alle partimedlemmer som  
56 observatørar. Fylkesårsmøtet avgjer om desse skal ha talerett.

57

## 58 § 2.4 Finansiering av fylkesårsmøtet

59 Lokallaga betaler ei avgift per årsmøteutsending dei har rett til, uavhengig  
60 av frammøte. SU betaler ei avgift per årsmøteutsending dei møter med.

61 Fylkesårsmøtet fastset storleiken på avgifta i samband med vedtak av budsjett.

62

## 63 § 2.5 Valnemnd

64

65 Fylkesårsmøtet vel valnemnd etter framlegg frå fylkesstyret. Valnemnda vert valde for  
66 årsmøteperioden og skal ha minst 3 medlemmer og eitt varamedlem. Medlemmene  
67 av valnemnda vert valde for 2 år. Det skal gjerast ei rullering slik at det vert vald minst  
68 eitt nytt medlem kvart år. Leiar vert vald av fylkesårsmøtet.

69 Valnemnda tilrår medlemmer og varamedlemmer til fylkesstyret og revisorar.

70

71

## 72 § 2.6 Fylkesårsmøtet sine oppgåver

73 Årsmøtet skal:

- 74 1. Godkjenne frammøtte representantar
- 75 2. Godkjenne innkalling, sakliste og forretningsorden
- 76 3. Velje dirigentar, referentar og to til åa skrive under protokollen
- 77 4. Handsame årsmeldingar
- 78 5. Handsame revidert rekneskap
- 79 6. Handsame årsplan og budsjett
- 80 7. Handsame innkomne forslag
- 81 8. I år med fylkestingsval: Handsame fylkespolitiske hovudprioriteringar og
- 82 valprogram for den komande valperioden
- 83 9. Gjennomføre følgjande val:
  - 84 a. Leiar og nestleiar. Leiar vert vald for eitt år, nestleiar for to år. Leiar og
  - 85 nestleiar skal veljast enkeltvis.
  - 86 b. Styre – 5 styremedlemmer og 3 varamedlemmer skal veljast for
  - 87 to år. Eitt av dei fem styremedlemmene skal veljast av SU. 1.
  - 88 varamedlem møter fast. Styremedlemmene og
  - 89 varamedlemmene kan veljast samla etter innstilling frå
  - 90 valnemnda.
  - 91 Dersom det vert sett fram motkandidatar til valnemnda sitt framlegg,
  - 92 skal valet avgjerast ved fleirtalsval med absolutt fleirtal, eventuelt i to
  - 93 omgangar.
  - 94 Ved krav om skriftlege val, skal vala gjennomførast skriftleg.
  - 95 c. To revisorer
  - 96 d. Landsstyrepresentantar, med 3 varamedlemmer, minst 2 frå
  - 97 kvart kjønn. Landsstyrerepresentanten skal vere medlem i
  - 98 fylkesstyre og/eller representantskap.
  - 99 e. Delegatar til landsmøtet
  - 100 f. Annakvart år (i ikkje-valår): nominasjonskomite
  - 101 g. Året før fylkestingsval: programkomite
  - 102 h. Valkomite med leiar, to medlemmer og eitt varamedlem
- 103
- 104 10. Vedta partiskatt for medlemmer som er oppnemnde i heiltids- eller deltids
- 105 tillitsverv på grunnlag av partiet sin representasjon i fylkestinget. Betaling for
- 106 tappt arbeidsforteneste skal ikkje reknast med.
- 107 11. Vedta arbeids- og organisasjonsplan
- 108

109

## 110 **Kapittel 3: Partiorgana**

### 111 **§ 3.1 Representantskapsmøte**

112 Representantskapsmøtet er sett saman av fylkesstyret og 1 representant frå  
113 kvart lokallag med inntil 50 medlemmer, 2 frå lag med meir enn 50 medlemmer  
114 og 2 representantar frå SU.

115 Representantskapsmøtet skal kunngjerast med minst 30 dagars varsel. Saker  
116 som skal handsamast på møtet må sendast til styret seinast 14 dagar før møtet.  
117 Innkalling med dagsorden og sakspapir skal sendast ut seinast 7 dagar før  
118 møtet.

119 Representantskapet skal som hovudregel ha minst eitt møte i året.

120

121

### 122 **§ 3.2 Fylkesstyret sitt ansvar og oppgåver**

123

124 Fylkesstyret vert valt av fylkesårsmøtet og står til ansvar overfor fylkesårsmøtet.  
125 Fylkesstyret er ansvarleg for den daglege drifta av fylkeslaget. Fylkesstyret har  
126 ansvar for å følgje opp vedtak i program og planar vedtekne på fylkesårsmøtet, og  
127 følgje opp dei politiske målsettingane frå fylkesårsmøtet. Fylkesstyret skal verke som  
128 eit samordnande organ for å styrke det politiske arbeidet i lokallaga og partiet.  
129 Fylkesstyret skal leggje til rette for at så mange som råd av våre medlemmer og  
130 lokale lag deltek i utforminga av politiske bodskaper og arbeidsområda.

131

132 Samandrag av arbeidsoppgåver:

- 133 • Organisatorisk, økonomisk og administrativ drift av fylkeslaget og vedta
- 134 fullmakter og signatur
- 135 • Ansvar for det politiske arbeidet mellom fylkesårsmøta
- 136 • Velje kvinnepolitisk leiar
- 137 • Velje faglegpolitisk leiar
- 138 • Velje andre politiske kontakter
- 139 • Sørge for gode prosessar ved val av representantar til landskonferansar
- 140 • Sørge for god kontakt med lokallaga og representantar i landsstyre,
- 141 storting og fylkesting
- 142 • Gi arbeidande komitear gode arbeidsvilkår
- 143 • Kalle inn fylkesårsmøtet og møte i representantskapet

### 144 **§ 3.3 Ekstraordinært fylkesårsmøte**

145 Styret kan kalle inn til ekstraordinært fylkesårsmøte med 21 dagars varsel. Det skal  
146 innkallast til ekstraordinært fylkesårsmøte om lokallag som representerer ein  
147 tredjedel av medlemmene i fylket krev det.

148

## 149 **Kapittel 4: Nominasjon**

### 150 **§ 4.1 Nominasjon**

151 Fylkeslaget sin nominasjonskomité skal veljast på fylkesårsmøtet året før  
152 fylkestings- og stortingsval. Nominasjonskomiteen skal være breitt samansett.  
153 Møre og Romsdal SU skal vere representert i komiteen.

154 Fylkesårsmøtet vedtek mandat for nominasjonskomiteen og overordna tidsplan for  
155 nominasjonsarbeidet.

156 Nominasjonskomiteen skal legge til rette for høg grad av medverknad frå lokallaga  
157 og Møre og Romsdal SU i nominasjonsprosessen. Nominasjonskomiteen skal i si  
158 innstilling legge vekt på god kjønnsbalanse og god geografisk fordeling, der  
159 listeforslaget i størst mogleg grad skal speile breidda og mangfaldet i befolkninga i  
160 regionen.

161 Nominasjonskomiteen si innstilling skal sendast ut seinast 30 dagar før  
162 nominasjonsmøtet. Nominasjonsmøtet skal haldast innan 31.mars i valåret.  
163 Fylkesstyret kan, dersom det ligg føre særlege grunner, fastsette anna tidspunkt  
164 for nominasjonsmøtet. Kunngjering av nominasjonsmøtet skal sendast lokallaga  
165 seinast 30 dagar før møtet.

166  
167 Nominasjonsmøtet er sett saman av fylkesstyret og delegatar fra lokallaga etter  
168 same skala som val av delegatar til fylkesårsmøtet. Møtet er ope for alle  
169 interesserte, med mindre nominasjonsmøtet sjølv vedtar noko anna.

## 170 **Kapittel 5: Andre reglar**

### 171 **§ 5.1 Vedtekter og vedtektsendring**

172 Vedtektene kan berre endrast av fylkesårsmøtet med 2/3 fleirtal av dei avgitte  
173 stemmene, og når saka står på saklista.

### 174 **§ 5.2 Tolking av vedtekter**

175 Dersom det er tvil om tolking av vedtekter eller det er tilhøve som ikkje vert omfatta  
176 av desse vedtektene, gjeld vedtektene for SV - Sosialistisk Venstreparti.

177